

Saksnr: 2019/131-1
Saksbehandlar: Ragnhild Berge Feidje

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2019

Solund kommune – kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030**Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet vurderer Solund kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen til å vera kortfatta og oversiktleg. Måla i planen svarar på utfordringsbiletet som er skildra.
2. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel, eller må skildre korleis planarbeidet dekkjer kravet om handlingsdel. Handlingsdelen bør detaljerast slik at målsettingane i planen vert følgt opp gjennom konkrete tiltak. I tillegg bør samfunnsdelen ha føringar for arealdelen. Vi rår til at dette vert innarbeidd i høyringsutkastet.
3. Klima og folkehelse bør innarbeidast som sektorovergripande tema i høyringsutkastet.
4. FN's berekraftsmål bør ligge til grunn, og bli innarbeida i høyringsutkastet.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Paal Fosdal
påtroppande fylkesdirektør for
avdeling for strategisk utvikling og
digitalisering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

1. Bakgrunn for saka

Solund kommune har lagt utkast til samfunnsdel til kommuneplanen ut på høyring. Frist for høyringssvar er sett til 06.12.2019. Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gitt uttale ved høyring av planprogram og varsel om oppstart av arbeidet med samfunnsdelen i 2017.

I utkast til ny samfunnsdel er det definert mål og tiltak knytt til følgjande tema:

1. Varierte bustader og gode bukvalitetar
2. Mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar
3. Gjere Solund synleg
4. God oppvekst
5. God alderdom
6. God helse og omsorg heile livet
7. God folkehelse
8. Variert kultur- og fritidstilbod
9. Berekraftig arealbruk
10. Betre samferdsle og infrastruktur
11. Klimaomstilling
12. Trygt samfunn
13. Godt forhold til naboane i regionen
14. God kommunal drift

2. Vurderingar og konsekvensar

Generelt

Samfunnsdelen inneheld 4 måltema, og eit handlingsprogram med 14 mål, og alle måla har fleire tiltak knytt til seg. Slik fylkesrådmannen vurderer det kunne det vere ønskjeleg med ei tydlegare prioritering av målområda, for å styrke samfunnsdelen som styringsverktøy.

Ut frå «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» skal FNs berekraftmål ligge til grunn for planlegginga. Kommunen bør difor legge dette til grunn, og inkludere det i samfunnsdelen for vidare forankring i plansystemet.

Handlingsprogram

Etter plan og bygningslova § 11 - 1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som tydeleggjer korleis strategiane og måla skal følgast opp for perioden. For at samfunnsdelen skal vere eit reelt styringsverktøy for organisasjonen, bør handlingsdelen vere så detaljert at den legg føringar for konkrete prioriteringar i budsjettet.

Innleiingsvis i handlingsprogrammet står det at handlingsprogrammet skal koplatt til økonomiplanen. Vi saknar ei skildring av korleis dette skal sikrast.

Handlingsprogrammet må vere tydeleg på kva innsatsområde som skal prioriterast, kva konkrete tiltak ein skal gjere, tidspunkt for gjennomføring, kostnadsrammer, og kven som har ansvaret for gjennomføring. Vi meiner at punkta under «korleis» i handlingsprogrammet er lite konkrete og mange står fram som strategiar. Vi rår til at desse vert meir konkretiserte.

Føringar for arealdelen

For å sikre god samanheng mellom dei overordna målsettingane i samfunnsdelen og framtidig arealbruk, bør samfunnsdelen tydeleggjere føringar for arealdelen. Føringane bør konkretisere kva

nye, eller endra, arealbehov ein har innanfor ulike samfunnsområde. I denne vurderinga bør ein sjå heilskapleg på utviklinga, og vurdere korleis ny arealbruk bør lokaliserast for å bygge opp under målsettingane i samfunnsdelen.

Under dei ulike tema i samfunnsdelen er det lagt nokre føringar for arealbruk. Vi rår til at desse føringane blir skilt ut, slik at dei kjem tydelegare fram, og legg klåre føringar for arealdelen av kommuneplanen.

Folkehelse

Folkehelse har fått god plass i planen, men står til ei viss grad fram som eit enkelttema. Folkehelse, og arbeidet med dette, er sektorovergripande og dette bør innarbeidast i heile plandokumentet.

Klimaomstilling

Vi skal drive ein offensiv klimapolitikk og forsvarleg ressursforvaltning. Arbeidet med klimautfordringane vert viktig i alle dei identifiserte måltema. Korleis kommunen ynskjer å jobbe med berekraftsmåla og klimaomstilling kjem ikkje tydeleg fram i samfunnsdelen. Ein må lese under handlingsprogrammet sine mål og tiltak for å finne noko om klimaomstilling.

Vi saknar målsetjingar og konkrete tiltak frå kommunen om å vere både berekraftig og klimavenlege. Vi saknar også nokre refleksjonar over Solund kommune sine klimagassutslepp og korleis kommunen ynskjer å jobbe vidare for å redusere desse i tråd med nasjonale og regionale mål.

Næring

Det er positivt at kommunen satsar på meir mangfald i næringslivet. Berekraftperspektivet bør, slik fylkesrådmannen vurderer det, ligge til grunn både i gjeldande næringar og ved nyetableringar.

Vassmiljø

Vassmiljø var eit av tema som fylkeskommunen gav uttale på i høyringssvar til varsel om oppstart og planprogram. Vi kan ikkje sjå at vassmiljø er inkludert i planen. Samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i vann-nett og i den regionale vassforvaltningsplanen.

Bruk og vern av sjøområda

Kommunen har som mål å setje av nye areal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring. Kommunen vil i arealdelen legge til rette for sjøareal til akvakultur. Dette er i tråd med nasjonale og regionale føringar innan næring.

Kommunen vil legge berekraftperspektivet til grunn i kystzoneplanlegginga. Dette er, slik vi ser det, eit viktig utgangspunkt for vidare planlegging.

Kulturarv

Fylkesrådmannen ser positivt på at kommunen ønsker å delta aktivt i kystparksamarbeidet i HAFS og bidra i arbeidet med UNESCO-geopark.

Vi saknar likevel ein breiare omtale av korleis kommunen vil nytte kulturarven som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga.

3. Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Samfunnsdelen har ikkje mål som bidreg til regionale og nasjonale mål om utsleppsreduksjon. Målformuleringar innan klimatilpassing er mindre tydelege, og kan føre til auka klimasårbarheit.

Folkehelse: Folkehelse er ikkje sektorovergripande i samfunnsdelen. Ei sektorovergripande tilnærming kan bidra til betre folkehelsearbeidet.

Regional planstrategi: I det førebuande arbeidet til regional planstrategi er folkehelse og klima ein viktig del av utfordringsbiletet. Planstrategien skal og ta utgangspunkt i FNs berekraftmål. I samfunnsdelen til Solund er klima og folkehelse nemnt som utfordringar, men blir skilt ut som enkelttema/mål. Berekraftmåla er ikkje nemnt.

Konklusjon

Planframlegget er kortfatta og oversiktleg med innleiing, utfordringar og utviklingstrekk, prosjekt som skal vidareførast frå førre periode, samt overordna mål og strategiar. Måla svarar til utfordringane og utviklingstrekkane som er skildra innleiingsvis.

Det er eit krav etter pbl § 11.1. at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel. Ein konkret handlingsdel, med tydeleg definerte oppgåver og ansvar for oppfølging, er viktig for å sikre gjennomføringa av samfunnsdelen. Handlingsdelen manglar tydeleg definerte tiltak, ansvar for oppfølging og kopling til økonomiplan.

Vi rår kommunen til å vere meir konkret på kva arealbehov de har. Vi oppmodar kommunen om å skilje dette ut for å tydeleggjere det, og å gjere det gjennomgåande for alle tema og mål. I tillegg bør det gjerast, basert på samfunnsdelen, ei vurdering om de ser nye eller endra behov for arealbruk. Vidare bør det innarbeidast føringar for kvar i kommunen ein kan lokalisere ulike typar arealbruk

Vi rår kommunen til å sjå på folkehelse og klima som sektorovergrepande tema og utfordringar. Å inkludere desse temaa gjennomgåande i planen er viktig for at vidare arbeid skal vere heilskapleg og tverrfagleg.

Vi oppmodar kommunen til å inkludere vassmiljø i planen, og inkludere mål og tiltak for å oppnå miljømåla sett i vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen.